



Arkivnr: 2016/2314-17

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Stordalstunnelen - refinansiering av bompengelån**

### **Samandrag**

Eit sertifikatlån på 175 mill. kr, som er teke opp for å finansiere bompengeprojektet Stordalstunnelen, har forfall 23.09.2016.

I ein periode på 2,5 år har fylkeskommunen hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall. Denne «rulleringsavtalen» går ut ved dette forfallet. Fylkesrådmannen vil inngå tilsvarande avtale for ein ny periode på 1 år.

### **Vedtak**

Det vert inngått avtale med DNB om rullering av eit 3-månaders sertifikatlån på 175 mill. kr over ein periode på 1 år.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 31.08.2016**

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for Stordalstunnelen på E134. Det er teke opp eit lån på 175 mill. kr til finansiering av tunnelen.

Låneopptaket er gjort i form av 3 månaders sertifikatlån. Gjennom 2,5 år har ein hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall. Denne «rulleringsavtalen» går ut 23. september 2016.

Lån til bompengeprojekt har tidlegare som oftast vorte teke opp i Kommunalbanken. P.t. renta i Kommunalbanken har i 2016 vore 1,65 %. Frå 22. august vart renta sett opp til 1,8 %.

Renta ein har fått på sertifikatlåna har vore slik det siste året:

September 2015	1,81 %
Desember 2015	1,69 %
Mars 2016	1,23 %
Juni 2016	1,21 %

Dette gjev ein god illustrasjon av korleis det er å finansiere seg med kortsiktige sertifikatlån. I visse periodar kan marginpåslaga auke monaleg, slik ein såg hausten 2015. Likevel har renta i gjennomsnitt blitt lågare enn om ein hadde teke eit langsiktig lån i Kommunalbanken.

Fylkesrådmannen vil halde fram med å finansiere bompengelånet til Stordalstunnelen med 3 månaders sertifikatlån. Ein vil fornye rulleringsavtalen med DNB. På denne måten reduserer ein refinansieringsrisikoen og ordninga er enkel å administrere.

Denne gongen finn ein det føremålstenleg å avgrense avtaleperioden til 1 år.

I løpet av 2017 vil det truleg bli aktuelt å starte nedbetaling av lånet. På grunn av ein tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren, har det drege ut med sluttoppgjeret for tunnelen. Ein veit enno ikkje kva den endelege kostnaden for tunnelen vil bli.

Det er i gang arbeid med å skipe eit regionalt bompengeselskap. Stordalstunnelen er eit prosjekt som er uproblematisk å overføre til det nye selskapet. Ein veit ikkje kor lang tid det vil ta før det nye selskapet er i drift, men det burde vere realistisk at dette kan skje i løpet av 1. halvår 2017. Ein rulleringsavtale på 1 år bør såleis vere nok til å dekke den perioden fylkeskommunen har ansvar for finansieringa av prosjektet.